



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterommet, Midsund omsorgssenter
Dato:	13.06.2016
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Frits Inge Godø	NESTL	V
Adrian Sørлие	MEDL	H
Inger Lise Trønningsdal	MEDL	H
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Elin-Grete Vatnehol	Planleggjar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Inger Lise Trønningsdal

Nora Helen Dyrseth Blø

Adrian Sørлие

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/35	Referatsaker	
PS 16/36	Rammeplan for Midsund kulturskule	2016/233
PS 16/37	Deltaking Nor-Fishing 2016	2016/293
PS 16/38	Deltaking - Øyriket til byen 2016	2016/292
PS 16/39	Tv-aksjon 2016 - Røde Kors	2016/196
PS 16/40	Etablering av Midsund Frivilligsentral	2016/65
PS 16/41	Tertialrapport - 1. tertial 2016	2016/289
PS 16/42	Utviding av talet på barnehageplassar i Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017	2016/269

Det vart halde møte i Midsund formannskap den 13.06.2016 på Midsund omsorgssenter. Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad. Det var 5 voterande og formannskapet var vedtaksfør. Møtet tok til kl 09:00.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vert samrøystes godkjent.

Orientering om administrasjonsbygg/ Antonbua:

Teknisk sjef Inge Rakvåg innleia orienteringa. Arnold Askeland og Dagfinn Storvik frå Hammerø og Storvik la fram skisser og forskjellige kostnadsoverslag til nytt administrasjonsbygg.

Orientering om Kystsoneplan:

Planleggar Elin-Grete Vatnehol innleia orienteringa om Kystsoneplana som gjeld for Midsund, Vestnes, Rauma, Nesset og Molde. Arne Håkon Sandnes, prosjektleiar IntRo (Interkommunal plan for Romsdalsfjorden) orienterte om Kystsoneplana.

Referatsaker:

Generalforsamling i Møreaksen.

Lønn per 1. halvår 2016.

Sjukefråvær.

E-post frå Marte Fremstedal angående arkiv etter Øyavis/ Odd Fremstedal.

Klage på steintrapp i Midsundura og svar frå Fylkesmannen.

PS 16/35 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

Protokoll frå møte i Midsund formannskap den 06.06.16 vert godkjent.

PS 16/36 Rammeplan for Midsund kulturskule

Forslag til vedtak:

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.06.2016

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

PS 16/37 Deltaking Nor-Fishing 2016

Forslag til vedtak:

1. Det vert løyvd inntil kroner 50.000,- til dekking av utgifter til standleige og reise- og opphaldsutgifter i samband med deltaking på Nor Fishing 2016.06.07.
2. Tiltaket vert finansiert ved å redusere budsjettert avsetjing til disposisjonsfond med inntil kroner 50.000.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

1. Det vert løyvd inntil kroner 50.000,- til dekking av utgifter til standleige og reise- og opphaldsutgifter i samband med deltaking på Nor Fishing 2016.
2. Tiltaket vert finansiert ved å redusere budsjettert avsetjing til disposisjonsfond med inntil kroner 50.000.

PS 16/38 Deltaking - Øyriket til byen 2016

Forslag til vedtak:

1. Det ver løyvd kroner 25.000 til deltaking i Øyriket til byen 2016.

2. Tiltaket vert finansiert ved bruk av budsjettert avsetjing til disposisjonsfond.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

1. Det ver løyvd kroner 25.000 til deltaking i Øyriket til byen 2016.
2. Tiltaket vert finansiert ved bruk av budsjettert avsetjing til disposisjonsfond.

PS 16/39 Tv-aksjon 2016 - Røde Kors

Forslag til vedtak:

Komite for TV-aksjonen 2016 – Røde Kors:

Leiar: Frits Inge Godø
Medlem: Thomas Håbet – Sparebanken Møre
Medlem: Simon Sandnes – Ungdomsrådet
Medlem: Svein Misund – Eldrerådet

Behandling i Formannskapet - 13.06.2016

Forslag om å leggje til følgjande:

Oppmodar representantar i kommunestyret til å gje ein møtegodtgjersle kvar til TV-aksjonen.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

Komite for TV-aksjonen 2016 – Røde Kors:

Leiar: Frits Inge Godø
Medlem: Thomas Håbet – Sparebanken Møre
Medlem: Simon Sandnes – Ungdomsrådet
Medlem: Svein Misund – Eldrerådet

Oppmodar representantar i kommunestyret til å gje ein møtegodtgjersle kvar til TV-aksjonen.

PS 16/40 Etablering av Midsund Frivilligsentral

Forslag til vedtak:

- Midsund kommune søker Kulturdepartementet om statstilskot til etablering etter gitte reglar, innan søknadfristen den 1. juli 2016.

- Frivilligsentralen si verksemd skal vere i tråd med ”Retningslinjer for frivilligsentralar/nærmiljøsentraler” vedtekne 23. september 2005 (revidert 28. januar 2010).
- Kommunestyret delegerer ansvar og mynde som årsmøte for frivilligsentralen til Oppvekst- og kulturutvalet.
- Koordinator for Frivilligsentralen i 50 % stilling, vert plassert med kontor i kommunehuset som ein del av servicekontoret.
- Det vert oppretta samarbeid med frivillige lag og foreiningar, enkeltpersonar og det offentlege om aktivitetstilbod, og det vil skje ei gradvis opptrapping av tilbodet.
- Vedtekter for Midsund Fivilligsentral vert vedtatt.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

- Midsund kommune søker Kulturdepartementet om statstilskot til etablering etter gitte reglar, innan søknadfristen den 1. juli 2016.
- Frivilligsentralen si verksemd skal vere i tråd med ”Retningslinjer for frivilligsentralar/nærmiljøsentraler” vedtekne 23. september 2005 (revidert 28. januar 2010).
- Kommunestyret delegerer ansvar og mynde som årsmøte for frivilligsentralen til Oppvekst- og kulturutvalet.
- Koordinator for Frivilligsentralen i 50 % stilling, vert plassert med kontor i kommunehuset som ein del av servicekontoret.
- Det vert oppretta samarbeid med frivillige lag og foreiningar, enkeltpersonar og det offentlege om aktivitetstilbod, og det vil skje ei gradvis opptrapping av tilbodet.
- Vedtekter for Midsund Fivilligsentral vert vedtatt.

PS 16/41 Tertialrapport - 1. tertial 2016

Forslag til vedtak:

1. Økonomirapporten per 1.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 1.tertial vert tatt til orientering

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

1. Økonomirapporten per 1.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 1.tertial vert tatt til orientering

PS 16/42 Utvidelse av antall på barnehageplasser ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.06.2016

1.Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 13.06.2016

1.Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Møtet heva kl 13:45.